

Til naboar, gjenbuarar og offentlege instansar

Ålesund: 10.09.2026

VARSEL OM OPPSTART - DETALJREGULERING FOR RAUDÅNA, GNR 74 BNR 19, 86, 148 og 149, SULA KOMMUNE

Jf. plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-14 gjerast det kjent at det er starta opp arbeid med detaljregulering for Raudåna, gnr. 74 bnr. 19, 86, 148 og 149, Sula kommune

Hovuddelen av planområdet er avsett til arealformål bustadar i gjeldande kommuneplan (planID 2015A001). Ein mindre del av planområdet i vest og sør er avsett til friområde. Planområdet er regulert i *Reguleringsplan for Mauseidvåg* frå 1988 (planID 8.01). I gjeldande reguleringsplan er planområdet i hovudsak sett av til friområde men også ein liten del til bustad.

Planforslaget skal legge til rette for etablering av frittliggande småhusbusetnad (einebustadar eller tomannsbustadar) innanfor gbnr 74/19. Det blir vidare lagt til rette for eksisterande turdrag og i sør eit friområde. Det er også tenkt avsett areal til energianlegg (trafostasjon) i sørleg del av planområdet. Eksisterande bygd privat veg er tenkt vidareført.

Plangrensa er vist i kartutsnitt. Mindre justeringar i plangrensa kan skje som følge av innspel til planarbeidet.

Planendringa er vurdert ut ifrå *forskrift om konsekvensutredninger* (KU), og er i samråd med kommunen vurdert til ikkje å vere KU-pliktig fordi ny regulering hovudsakleg er planlagt i samsvar med kommuneplanen.

Oppstartmøte ble gjennomført med kommunen 24.06.2026. Oppstartsmeldinga kan sjåast på heimesida til kommunen og på www.proess.no.

Planarbeidet utførast av proESS AS på vegne av Åshild Dyb. Kommentrar/innspel til det igangsette planarbeidet skal vere skriftleg (fortrinnsvis e-post: post@proess.no) og bli retta til proESS AS, innan 19.10.2026.

Med vennleg helsing

Henriette Hovland Møller
proESS AS

Vedlegg: A: Kart som viser planavgrensing ut ifrå flyfoto, standardkart og gråtonekart
 B: Kart som viser planavgrensing ut ifrå gjeldande kommuneplan og reguleringsplan
 C: Planinitiativ
 D: Referat oppstartmøte